

Camilla Rochleng

**Undersøking om foreldrebetaling i barnehagar,
januar 2011**

Rapportar I denne serien blir det publisert analysar og kommenterte statistiske resultat frå ulike undersøkingar. Undersøkingar inkluderer både utvalsundersøkingar, teljingar og registerbaserte undersøkingar.

© Statistisk sentralbyrå, juli 2011	Standardteikn i tabellar	Symbol
Ved bruk av materiale frå denne publikasjonen skal Statistisk sentralbyrå givast opp som kjelde.	Tal er umogleg	.
	Oppgåve manglar	..
	Oppgåve manglar førebels	...
ISBN 978-82-537-8135-8 (trykt)	Tal kan ikkje offentligjerast	:
ISBN 978-82-537-8136-5 (elektronisk)	Null	-
ISSN 0806-2056	Mindre enn 0,5 av den brukte eininga	0
Emne: 04.02.10	Mindre enn 0,05 av den brukte eininga	0,0
	Førebels tal	*
Trykk: Statistisk sentralbyrå	Brot i den loddrette serien	—
	Brot i den vassrette serien	
	Desimalskiljeteikn	,

Forord

Sidan 1992 har Statistisk sentralbyrå (SSB) på oppdrag frå Barne- og Familiedepartementet, no Kunnskapsdepartementet (KD), gjennomført ei halvårleg undersøking av foreldrebetalinga for fulltidsopphald i kommunale og private barnehagar per januar og august publisert i serien Notater. Frå 2009 har resultatane vorte presentert årleg i serien Rapportar.

Formålet med denne undersøkinga er å kartlegge nivået på og betalingsreglar knytt til foreldrebetaling i barnehagar. I notat publisert til og med august 2002 vart berre uvekta snitt nytta i berekningane. Frå januar 2003 vart dei aggregerte storleikane for dei kommunale og private barnehagane vekta, samstundes vart det ikkje lenger skilt mellom private barnehagar som mottok kommunalt tilskot og dei som ikkje mottok kommunalt tilskot. I 2007 gjennomgjekk undersøkinga ei større omlegging og vart lagt om til ei totaltelling blant kommunane basert på elektronisk datafangst gjennom KOSTRA (KOMmune-STat-RApportering). Skjema til kommunane vart noko utvida frå 2007 med fleire spørsmål knytt til moderasjonsordningar og tilleggsutgifter i barnehagane. Skjema til dei private barnehagane omfatter i stor grad dei same spørsmåla som det kommunane vert stilt. Opplysningar frå dei private barnehagane vert trekt tilfeldig etter stratifisering på geografisk område.

Seksjon for prisstatistikk har stått for gjennomføringa av undersøkinga med Camilla Rochlenge som ansvarleg for analysen av resultatane som leggst fram i denne rapporten. Prosjektet er finansiert av KD.

Samandrag

Denne rapporten er laga av Statistisk sentralbyrå (SSB) på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet (KD). SSB har i oppdrag å gjennomføre ei årleg undersøking av foreldrebetalinga for fulltidsopphald i kommunale og private barnehagar for januar kvart år. Undersøkinga er no basert på ei totalteljing av alle kommunane i landet.

Gjennomsnittlege månadssatsar utan kostpengar og tilleggsutgifter for fulltidsopphald i kommunale barnehagar for hushald med brutto årsinntekt på 250 000, 375 000 og 500 000 kroner, er på landsbasis høvesvis **2 090**, **2 229** og **2 270** kroner per januar 2011. Dei kommunale minimumssatsane ligg i gjennomsnitt på **1 573** kroner, medan gjennomsnittleg maksimumssats ligg på **2 298** kroner. 88 prosent av kommunane, dvs 380 av 430, har ein maksimumssats som ligg på sjølve maksimalsatsen på **2 330** kroner. Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 250 000, 375 000 og 500 000 kroner hadde ei endring på høvesvis 0,6, 0,5 og 0,3 prosent frå januar 2010.

Per januar 2011 var det 3 kommunar som rapporterte at dei ikkje hadde eit kommunalt barnehagetilbod i kommunen, medan i overkant av 21 prosent rapporterte at dei opererar med eit system for inntektsgraderte betalingssatsar. Satsane er då avhengig av hushaldet si inntekt. Flest kommunar har såkalla "flate" betalingssatsar. Alle kommunane med kommunalt barnehagetilbod byr på syskenmoderasjon for hushald med to eller fleire barn i barnehage. 90 prosent av dei kommunane som rapporterer at dei har privat barnehagetilbod spesifiserar at dei kommunale moderasjonsordningane også gjeld for dei private barnehagane i kommunen. 94 prosent av kommunane spesifiserar at kostpengar ikkje er inkludert i sjølve opphaldsbetalinga, men at dette kjem i tillegg til månadssatsen.

88¹ prosent av dei private barnehagane i utvalet rapporterer at dei nyttar ein maksimumssats som følgjer fastsett maksimalsats på **2 330** kroner, medan 24 prosent rapporterer at dei tilbyr inntektsgraderte satsar. Alle dei private barnehagane byr på syskenmoderasjon for hushald med to eller fleire barn.

Eit års fulltidsopphald i kommunale og private barnehagar utan kostpengar og tilleggsutgifter kosta på landsbasis i gjennomsnitt **23 346** kroner per januar 2011.

¹ 92 prosent rapporterer at dei har lik eller høgare pris på barnehageplass enn fastsett makspris på 2 330 kroner. Ein skal merkje seg at denne prosentatsen inkluderar barnehagar som har spesifisert at kost er inkludert, men at kostprisen er ukjend. Det er difor ikkje mogleg å seie eksakt kva pris desse barnehagane opererer med når kost ikkje er medrekna.

Abstract

This report, which was commissioned by the Ministry of Education and Research, is produced by Statistics Norway. Statistics Norway is commissioned to conduct an annual survey of household payments for a full time place in public and private kindergartens in January each year. The survey of January 2011 is based on a total census of all municipalities in Norway.

The average monthly fees excluding food and additional costs for a full-time place in municipal kindergartens for households with gross annual income of NOK 250 000, 375 000 and 500 000 is, on a national basis, respectively NOK **2 090**, **2 229** and **2 270** as of January 2011. On average the minimum rate for municipal kindergartens is NOK **1 573**, while the average maximum rate is NOK **2 298**. Of all the 430 municipalities 88 per cent, that is 380, operate with monthly fees equal to the maximum rate of NOK **2 330** set by the Norwegian Parliament. Monthly rates for households with gross annual income of NOK 250 000, 375 000 and 500 000 changed from January 2010 by 0.6, 0.5 and 0.3 per cent respectively.

As of January 2011 3 municipalities reported that they do not have a public kindergarten supply, while some more than 21 per cent reported to operate with an income-differentiated payment system. The payment fees are then dependent on the household's income. Most municipalities have so-called "flat" payment rates. All municipalities offer siblings rebate to households with two or more children in kindergarten. Of the municipalities who reports that they have private kindergartens in the municipality, 90 per cent specifies that these operate with a similar price reduction system as the public kindergartens. 94 per cent of the municipalities who report having municipal kindergartens specify that food costs are not included in the actual residence payment, but that it adds on to the monthly rate.

Eighty-eight² per cent of the private kindergartens in the sample report that they follow the established maximum rate of NOK **2 330**, while 24 per cent report that they provide income-differentiated payment system. All of the private kindergartens offer siblings moderation to households with two or more children.

Mean annual payment for a full-time place in municipal and private kindergartens excluding food costs and additional expenses at the national level is NOK **23 346** as of January 2011.

² Ninety-two per cent of the municipalities report that they price their kindergartens at the maximum level of NOK 2 330 or more. It is worth noting that this percentage includes those private kindergartens who reports that food fees are included in the regular monthly fee, but who have not specified what total food costs adds up to. Thus no exact monthly fee excluding food and other costs are known to us in these specific cases.

Innhald

Forord	3
Samandrag	4
Abstract	5
1. Generelt om undersøkinga	7
1.1. Om tabellane	7
1.2. Definisjonar	8
1.3. Generelle merknader.....	8
2. Betalingssatsar i kommunale barnehagar	10
2.1. Månadssatsar på landsbasis	10
2.2. Månadssatsar for hushald med brutto årsinntekt på 250 000 kroner.....	10
2.3. Månadssatsar for hushald med brutto årsinntekt på 375 000 kroner.....	11
2.4. Månadssatsar for hushald med brutto årsinntekt på 500 000 kroner.....	11
2.5. Minimum og maksimum betalingssatsar.....	11
2.6. Årsbetaling på landsbasis.....	11
2.7. Inntektsgradering.....	12
2.8. Friplass/moderasjonsordningar	13
2.9. Syskenmoderasjon	13
2.10. Private barnehagar i kommunane	14
2.11. Talet på betalingsmånader	14
2.12. Kostpengar og tilleggsutgifter	14
2.13. Eigne betalingssatsar for barn under 3 år.....	15
3. Betalingssatsar i private barnehagar	16
3.1. Månadssatsar og årsbetaling etter region og på landsbasis.....	16
3.2. Inntektsgradering.....	17
3.3. Friplass/moderasjonsordningar	17
3.4. Syskenmoderasjon	17
3.5. Talet på betalingsmånader	17
3.6. Kostpengar og tilleggsutgifter	17
3.7. Eigne betalingssatsar for barn under 3 år.....	17
4. Gjennomsnittleg årsbetaling for fulltidsopphald i kommunale og private barnehagar	18
Vedlegg A: Tabellar	19
Figurregister	24
Tabellregister	24

1. Generelt om undersøkinga

Denne rapporten er laga av Statistisk sentralbyrå (SSB) på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet (KD). SSB har i oppdrag å gjennomføre ei årleg undersøking av foreldrebetalinga for fulltidsopphald i kommunale og private barnehagar. Undersøkinga er no basert på ei totalteljing av alle kommunane i landet.

Data frå kommunane vert innhenta elektronisk gjennom det nasjonale informasjonssystemet KOSTRA (Kommune-Stat-Rapportering). Opplysningar frå dei private barnehagane vert henta inn postalt frå eit representativt utval barnehagar og omfattar i stor grad dei same spørsmåla som kommunane vert spurt om. Datainnsamling gjennomførast i både januar og august kvart år. Det vert laga éin årleg rapport basert på data per januar som vert publisert i slutten av juni kvart år.

Undersøkinga og rapporten omhandlar fulltidsopphald for barn over 3 år i kommunale og private barnehagar.

Kommunane vart bedne om å gje følgjande opplysningar om kommunale barnehagar per januar 2011:

- betalingssatsar,
- talet på timar per veke for fulltidsopphald,
- moderasjon for andre og tredje sysken samt talet på barn med syskenmoderasjon,
- eventuelle kost pengar i tillegg til opphaldsbetalinga,
- eventuelle tilleggsutgifter til for eksempel turar eller andre aktivitetar,
- talet på betalingsmånader,
- om dei nyttar eigne betalingssatsar for barn under 3 år,
- eventuelle moderasjons-/friplassordningar,
- om dei private barnehagane i kommunen følgjer dei same moderasjonsordningane.

Kommunane med inntektsgraderte satsar må rapportere betalingssatsar for ulike førehandsdefinerte inntektsintervall, i tillegg til minimums- og maksimumssatsar. Dei kommunale barnehagane må også rapportere betalingssatsar på dei tre inntektsnivåa 250 000, 375 000 og 500 000 kroner.

SSB gjer merksam på at betalingssatsar innan eit utval inntektsintervall samt informasjon om syskenmoderasjon vart publisert på kommunenivå³ gjennom KOSTRA og frigjort på internett; www.ssb.no/kostra 15. mars 2011 (ureviderte tal). Revidert datamateriale vart publisert på same stad 15. juni 2011. Vekta gjennomsnittstal på fylke og landsnivå vert berre publisert gjennom denne rapporten og ikkje gjennom KOSTRA.

Betalings satsar frå dei private barnehagane vert innhenta frå eit utval på omlag 230 private barnehagar som er trekt frå dei fem regionane Austlandet, Agder/Rogaland, Vestlandet, Trøndelag og Nord-Noreg.

1.1. Om tabellane

Dei fire fyrste tabellane omhandlar betalingssatsar og betalingsreglar for kommunale barnehagar, og tabell 5 omhandlar private barnehagar. I undersøkinga er gjennomsnittssatsane vekta.

Tabell 1 Oversiktsdata for undersøkinga.

Tabellen gir ei fylkesvis oversikt over førekomsten av nokre kjennemerke i undersøkinga, det vere seg talet på kommunar i undersøkinga, inntektsgraderte satsar, syskenmoderasjon og andre moderasjonsordningar, kost pengar og om dei private barnehagane i kommunen følgjer dei same moderasjonsordningane.

³ Tal for Oslo kommune er publisert på bydelsnivå.

<i>Tabell 2a Gjennomsnittlege månadssatsar for fylke og bruttoinntekt.</i>	Tabellen inneheld gjennomsnittlege månadssatsar etter fylke og på landsbasis for januar 2010 og januar 2011, og prosentvis endring i månadssatsane.
<i>Tabell 2b Gjennomsnittleg årsbetaling for fylke og bruttoinntekt.</i>	Tabellen inneheld gjennomsnittstal for årsbetalinga etter fylke og på landsbasis for januar 2010 og januar 2011, og prosentvis endring i årsbetalinga. Årsbetalinga er ein utrekna storleik gitt at vilkåra for januar ikkje har endra seg.
<i>Tabell 3 Gjennomsnittlege månadssatsar og årsbetaling etter bruttoinntekt, 1992-2011.</i>	Tabellen inneheld utviklinga i månads- og årsbetaling frå januar 1992 til januar 2011. Gjennomsnittssatsane for januar 2011 og tilbake til januar 2002 er vekta. Tidlegare vart gjennomsnittsutrekningar gjort med simpelt snitt.
<i>Tabell 4 Oversiktdata for kommunale barnehagar. 2007-2011.</i>	Tabellen gir ei oversikt over utviklinga i nokre kjennemerke i undersøkinga, det vere seg talet på kommunar i undersøkinga, inntektsgraderte satsar, syskenmoderasjon og andre moderasjonsordningar, kostpengar og om dei private barnehagane i kommunen følgjer dei same moderasjonsordningane.
<i>Tabell 5 Månads- og årsbetaling etter region for private barnehagar.</i>	Tabellen inneheld gjennomsnittleg månads- og årsbetaling for hushald med barn i privat barnehage for januar 2010 og januar 2011, samt prosentvis endring i satsane.

1.2. Definisjonar

Undersøkinga måler månadssatsar for fulltidsopphald på 41 timar eller meir per veke.

Definisjonar på fulltidsopphald kan variere mellom kommunar og mellom barnehagar innan kommunane. Kommunen må rapportere talet på timar per veke for den fulltidsordninga som ligg nærast definisjonen ovanfor og som flest barn nyttar.

Inntektsgraderte betalingssatsar er betalingssatsar som er avhengig av foreldra si inntekt. Dette omfattar ordninga med redusert foreldrebetaling/friplassar gjennom barnehagen sitt ordinære betalingssystem. Ordningar med redusert foreldrebetaling/friplassar gjennom andre organ fell utanfor definisjonen.

Friplass er det som kommunane til ei kvar tid definerar som friplass. Den kan løyvast gjennom barnehagen sitt ordinære betalingssystem eller andre organ i kommunane. Kommunane kan operere med ulike vilkår som kvalifiserar for friplassane.

Minimumssats er den lågaste satsen kommunen har spesifisert i sitt betalings-system. Minimumssatsane i denne undersøkinga er ikkje knytt opp mot eit spesifikt inntektsnivå då dette kan variere frå kommune til kommune.

Maksimumssats er den høgaste satsen kommunen har spesifisert i sitt betalings-system. Maksimumssatsane i denne undersøkinga er ikkje knytt opp mot eit spesifikt inntektsnivå då dette kan variere frå kommune til kommune.

Tilleggsutgifter er utgifter for ulike aktivitetar og arrangement som i mange tilfelle kan tilkome utover sjølve opphaldsbetalinga og kostpengar.

1.3. Generelle merknader

Rapporten gir prisar hovudsakleg for barn over 3 år uavhengig av type barnehage (vanleg barnehage, familiebarnehage).

Gjennomsnittlege månadssatsar og utrekna årsbetaling på dei ulike inntektsnivå i tabellane for dei kommunale barnehagane har bakgrunn i punktobservasjonar for inntektsnivå og ikkje frå dei førehandsdefinerte inntektsintervall. Gjennomsnittleg

årsbetaling for både dei kommunale og dei private barnehagane som ikkje er knytt til eit spesifikt inntektsnivå (sjå kapittel 4) er utrekna på grunnlag av betalingsattsar som er oppgjeve i førehandsdefinerte inntektsintervall slik at heile betalings-systemet i større grad vert fanga opp i dette gjennomsnittstalet. Gjennomsnittlege månadssattsar og utrekna årsbetaling i dei private barnehagane er berre basert på betalingsattsar oppgjeve i førehandsdefinerte inntektsintervall.

I kommunar med inntektsavhengig foreldrebetaling kan det liggje ulike definisjonar av inntekt til grunn for fastsetjing av foreldrebetalinga. I tillegg har kommunane ulike system for kostpengar. I den grad det er mogleg vert kostpengar utskilt frå månadssattsen. Men i nokre tilfelle er nivået på kostpengar ukjent og inkludert i månadssattsen, dei er difor ikkje mogleg å skilje ut. Dette skapar vanskar for samanlikningar av takstnivå, men uvissa vert mindre dess høgare nivå vi samanliknar på. Etter at Stortinget innførte maksimalgrense på foreldrebetaling den 1. mai i 2004 vert sattsane i stor grad endra i samsvar med endringar i denne maksimalsattsen. Sattsane og vilkåra i denne undersøkinga er dei som gjaldt i januar 2011.

Per januar 2010 og januar 2011 har alle kommunar rapportert gjennom KOSTRA, det er dermed ei totalteljing av kommunane i landet som ligg til grunn for berekningar som omfattar endringstal i denne rapporten.

SSB gjer merksam på at nokre data frå tidlegare målingar kan ha vorte endra i ettertid som ei følgje av nye opplysningar. Gjennomsnittssattsane for januar 2011 og tilbake til januar 2002 er vekta med fordelinga av barn i kommunale og private barnehagar, i motsetnad til tidlegare gjennomsnittsutrekningar som vart gjort ved hjelp av eit simpelt snitt. Gjennomsnittstala i tabellane kan difor avvike noko frå det som har vorte publisert tidlegare.

2. Betalingssatsar i kommunale barnehagar


2.1. Månadssatsar på landsbasis

Med brutto årsinntekt på 250 000, 375 000 og 500 000 kroner er dei gjennomsnittlege månadssatsane utan kostpengar og andre tilleggsutgifter for fulltidsopphald i kommunale barnehagar på landsbasis høvesvis **2 090, 2 229 og 2 270** kroner per januar 2011, noko som tilsvarar endring på høvesvis 0,6, 0,5 og 0,3 prosent samanlikna med året før. Minimumssatsane utan kostpengar er i gjennomsnitt **1 573** kroner per januar 2011, medan maksimumssatsane er **2 298** kroner i same periode. Tala er illustrerte i tabell 2a i vedlegget. Gjennomsnittleg månads-sats på landsbasis for hushald med to barn i kommunal barnehage ligg på høvesvis **3 528, 3 762 og 3 831** kroner med brutto årsinntekt på 250 000, 375 000 og 500 000 kroner.

2.2. Månadssatsar for hushald med brutto årsinntekt på 250 000 kroner

For hushald med ei årsinntekt på 250 000 kroner er høgaste betalingssats på fylkesnivå **2 318** kroner, som ligg rett under maksimalsatsen fastsett av Stortinget per januar 2007. Høg betalingssats for låginntektsgrupper vil gjerne kunne sjåast i samanheng med betalingssystemet kommunane i fylket har valt. I dei fylka der kommunane i liten grad nyttar seg av betalingssatsar som er avhengige av inntekta til hushaldet vil dette vere synleg i form av høgare betalingssatsar for låginntektsnivå. Dette gjer at uavhengig av kva hushaldet tenar vert prisskilnaden for ein barnehageplass liten. Tilsvarande vert prisen for barnehageplassar for foreldre med låg inntekt lågast i fylka som er prega av inntektsavhengige satsar. Lågaste betalingssatsar har Rogaland med **1 647** kroner, Aust-Agder med **1 892** kroner og Oslo med **1 928** kroner. Tala er illustrerte i figur 2.1, samt i tabell A2a i vedlegget.


Figur 2.1. Gjennomsnittlege månadssatsar for eit barn i kommunal barnehage. Brutto årsinntekt på 250 000 kroner. Januar 2011



2.3. Månadssatsar for hushald med brutto årsinntekt på 375 000 kroner

Betalingssatsar for hushald med årsinntekt på 375 000 kroner ligg på **2 250** kroner eller meir med unntak for fylka Rogaland, Aust-Agder, Oslo, Buskerud samt Sogn og Fjordane. Sjå figur 2.2.

Figur 2.2. Gjennomsnittlege månadssatsar for eit barn i kommunal barnehage. Brutto årsinntekt på 375 000 kroner. Januar 2011



2.4. Månadssatsar for hushald med brutto årsinntekt på 500 000 kroner

Variasjonen i foreldrebetalinga mellom fylka er mindre dess høgare inntektsnivået er. For hushald med årsinntekt på 500 000 kroner er den lågaste betalingssatsen registrert i Rogaland med **2 039** kroner. Forutan om Oslo er alle andre fylka registrert med ein sats på over 2 200 kroner. Sjå tabell 2a i vedlegget.

2.5. Minimum og maksimum betalingssatsar

Satsane som vert omtalt i dette avsnittet er lågaste og høgaste gjennomsnittlege månadssatsar for dei ulike fylka og er illustrerte i tabell 2a. Minimums- og maksimumssatsane i denne undersøkinga er ikkje knytt opp mot eit spesifikt inntektsnivå då dette kan variere frå kommune til kommune. Det er store variasjonar i foreldrebetalinga avhengig av om kommunane nyttar inntektsgradering i betalingssystemet. Dei lågaste minimumssatsane har Oslo og Akershus med høvesvis **635** og **994** kroner. Troms og Nord-Trøndelag har dei høgaste minimumssatsane med betalingssatsar like oppunder fastsett maksimalsats på **2 330** kroner.

380 av alle 430 kommunane, det vil sei 88 prosent, har ein maksimumssats som ligg på sjølve maksimalsatsen på **2 330** kroner.

2.6. Årsbetaling på landsbasis

Forutan månadssatsane er storleiken på årsbetalinga for eit barn i barnehage avhengig av kostpengar og andre tilleggsutgifter samt talet på betalingsmånadar. Med brutto årsinntekt på 250 000, 375 000 og 500 000 kroner er årsbetalinga på


landsbasis for hushald med eit barn i barnehage i gjennomsnitt høvesvis **25 055, 26 581 og 27 028** kroner i januar 2011. Det har dermed vore oppgang for alle inntektsnivåa, med størst auke på 1,2 prosent for hushalda med 250 000 kroner i brutto årsinntekt. Tala er illustrerte i tabell A2b i vedlegget.

Årsbetalinga for to barn er i tillegg til faktorane nemnt ovanfor, avhengig av storleiken på syskenmoderasjonen. For tilsvarende bruttoinntekter er årsbetalinga på landsbasis for hushald med to barn i barnehage i gjennomsnitt høvesvis **42 925, 45 490 og 46 246** kroner. Årsbetalinga for dei tre inntektsnivåa ligg høvesvis 1,4, 1,2 og 1,0 prosent høgare i januar 2011 jamfør satsane i januar 2010.

2.7. Inntektsgradering

Forskrift om foreldrebetaling i barnehagar slår fast at alle kommunar skal ha ordningar som syt for at barnefamiljar med lågast betalingsevne kan få ein reduksjon i eller fritak for foreldrebetaling, men kommunane er sjølve fri til å avgjere om dei ynskjer å by inntektsgradering gjennom ordinært betalingssystem i dei kommunale barnehagane. Det viser seg at dei fleste kommunane nyttar eit system med sokalla "flate" betalingssatsar, det vil sei satsar som ikkje er differensiert etter hushaldet si inntekt. 335⁴ av 430 kommunar rapporterer at dei nyttar "flate" månadssatsar. 3 kommunar rapporterer å ikkje ha eit kommunalt barnehagetilbod, medan dei resterande 92 kommunane har inntektsgraderte betalingssatsar definert innafør sitt ordinære betalingssystem. 14 kommunar rapporterer at dei nyttar eit system med flate satsar, samstundes som dei rapporterer at dei byr på friplassar innafør sitt ordinære betalingssystem. Desse kommunane er ikkje med i talet for kommunar med inntektsgraderte satsar. Det kan vere stor variasjon i korleis inntektsgraderinga er utforma, både når det gjeld kva for inntekt det refererast til, kor høg inntekt hushaldet kan ha og storleiken på reduksjonen.

Figur 2.3. Fordelig av kommunar med inntektsgradert betalingssystem som tilbyr reduserte betalingssatsar etter hushaldet si samla brutto årsinntekt. Januar 2011



Figur 2.3 viser som forventat at det er mest vanleg med satsreduksjon for hushald med inntekt i dei lågare intervalla. Til dømes viser figuren at alle kommunar med inntektsgradert system tilbyr redusert betalingssats til familiar med inntil 149 999 kroner. Det er viktig å merke seg at satsane er henta inn på førehandsdefinerte inntektsintervall, dermed er det mogleg at kommunane kan nytta fleire trinn i sitt system for inntektsgradering enn kva tala ovanfor viser.

⁴ Her er dei 4 kommunane som har rapportert at dei har gratis barnehagetilbod medrekna.

Det er store regionale skilnader når det gjeld bruk av inntektsgraderte satsar. Oslo kommune nyttar graderte satsar, og i Akershus fylke er det berre to som ikkje byr på graderte satsar. I Vestfold, Telemark og Rogaland byr halvparten eller fleire av kommunane på inntektsgradering. I tillegg er det mange kommunar i Agder fylka, Oppland og Buskerud som tilbyr inntektsgradering. Det er derimot ingen kommunar frå fylka Nordland og Troms som rapporterer at dei tilbyr inntektsgradering. Ordninga er også lite utbreidd i Hedmark, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal samt Nord-Trøndelag. Resultata viser òg at det er i dei fylka kor det er mest utbreidd med inntektsgradering at storleiken på reduksjonen er størst. Samla sett av alle kommunane med inntektsgraderte satsar utgjer den lågaste betalingssatsen, for hushald med årsinntekt under 150 000 kroner, 38 prosent av maksimal sats i desse kommunane.

Det er særleg dei større kommunane som tilbyr inntektsgraderte satsar. Blant dei 32 mest folkerike kommunane (talet på innbyggjarar over 27 000) byr 20 av dei på inntektsgradering. Av dei 143 minste kommunane (talet på innbyggjarar under 2 700) er situasjonen det motsette, berre 14 av disse rapporterer at dei tilbyr graderte satsar. Dette resulterer i at i underkant av halvparten av alle barn i kommunale barnehagar høyrer til ein kommune som byr på inntektsgradering, og denne fordelinga er tilnærma uendra frå i fjor.

35 av 430 kommunar rapporterer at dei tilbyr friplassar gjennom det ordinære betalingssystemet, medan 21 av desse også hevdar at dei tilbyr flate sats i sitt betalingssystem. ⁵ 5 kommunar rapporterer at for hushald med total årsinntekt under 150 000 kroner er foreldrebetalinga for opphaldstid i ein barnehage kostnadsfri.

Ein del kommunar definerer sine inntektsgrenser målt i kroner, medan andre definerer dei i samsvar med grunnbeløpet i Folketrygda. Ettersom grunnbeløpet oppjusterast kvart år, vil eit hushald med konstant inntekt før eller seinare få lågare opphaldsbetaling.

2.8. Friplass/moderasjonsordningar

Kommunane har ulik praksis med omsyn til bruk av friplassar. 8 prosent av alle kommunar byr på friplassar spesifisert i barnehagen sitt ordinære betalingssystem. 73 prosent av kommunane tilbyr friplass etter særskilt behandling, gjennom sosialkontor, barnevernsnemnd eller skulekontor, medan 58 prosent av kommunane byr på moderasjonsordningar (reduisert foreldrebetaling) utanfor barnehagen sitt ordinære betalingssystem. 7 prosent av kommunane rapporterer at dei ikkje opererer med andre moderasjonsordningar enn regelbunden syskenmoderasjon. Fire kommunar har vedteke å tilby gratis barnehageplass til alle.

2.9. Syskenmoderasjon

Forskrift om foreldrebetaling i barnehagar slår fast at alle kommunar skal tilby minst 30 prosent syskenmoderasjon for barn nr. 2 og minst 50 prosent for barn nr. 3 eller fleire. Per januar 2011 byr alle med kommunalt barnehagetilbod på syskenmoderasjon. 73 prosent av kommunane tilbyr syskenmoderasjon på 30 prosent for barn nr. 2, og nesten alle kommunane tilbyr syskenmoderasjon på 30 prosent eller meir, kun to rapporterer ein moderasjonsprosent under tretti.

I dei aller fleste kommunane aukar syskenmoderasjonen med talet på barn. 86 prosent av kommunane tilbyr syskenmoderasjon på 50 prosent for barn nr. 3, medan 96 prosent tilbyr 50 prosent eller meir. Det er ⁶ 12 kommunar som tilbyr 100 prosent syskenmoderasjon for tredje barnet. Som regel gir kommunane ikkje syskenmoderasjon på kostpengar.

⁵ Dette er eit tal for dei med graderte satsar og dei 4 kommunane som har gratis tilbod av barnehageplassar er difor ikkje medrekna.


⁶ Dette inkluderer dei 4 kommunane som tilbyr gratis barnehageplass.

Det kan vere av interesse å vite kor mange barn som får syskenmoderasjon i dei kommunale barnehagane. Per januar 2011 er det på landsbasis ca. 18 prosent av barna i dei kommunale barnehagane som får syskenmoderasjon som barn nr. 2, medan prosentdelen er langt lågare som barn nr. 3 med i underkant av 1 prosent. Ei mogleg forklaring på den låge prosentdelen for barn nr. 3 kan vere at familiar som har fleire barn under skulealder i større grad vel andre tilsynsordningar. Det er viktig å merke seg at desse tala kan vere noko usikre. For mange kommunar, særleg større kommunar, er det vanskeleg å rapportere eit godt tal på barn med syskenmoderasjon i kommunen.

2.10. Private barnehagar i kommunane

90 prosent av dei kommunane som rapporterer at dei har privat barnehagetilbod spesifiserer at dei kommunale moderasjonsordningane også gjeld for dei private barnehagane i kommunen. Av disse kommunane nyttar 23⁷ prosent inntektsg-raderte satsar gjennom det ordinære betalingssystemet. 32 prosent av kommunane opplyser at dei ikkje har private barnehagar i kommunen per januar 2011.

Figur 2.4. Kommunar med ulike rabattordningar. Prosent⁸. Januar 2011



2.11. Talet på betalingsmånader

I overkant av 97 prosent av kommunane har foreldrebetaling for heilårsopphald fordelt på 11 månadlege betalingar. Berre 6 av dei 430 kommunane har foreldrebetalinga fordelt på 12 månader, medan 2 kommunar har fordelt på 10 månader.

2.12. Kostpengar og tilleggsgifter

Etter forskrift om foreldrebetaling kan kommunane krevje inn kostpengar utover det som er sett som maksimalsats, og omlag 94 prosent av kommunane oppgjev at kostpengar ikkje er inkludert i månadssatsen. Kostpengar kan variere frå barnehage til barnehage og satsen som innhentast er ein gjennomsnittleg sats for alle barnehagane i kommunen. Undersøkinga tek berre omsyn til dei tilfella kor kostpengar vert spesifisert. I undersøkinga er det ikkje teke med kostpengar som er avtalt direkte mellom den enkelte barnehagen og dei føresette. Dette fører til at samanlikningane mellom fylka kan vere noko usikre. I gjennomsnitt vert det gjort krav på

⁷ Feil i fjorårets rapport; denne presentsatsen vart då oppgjeven til å vere 28, men det korrekte nivået var 25.

⁸ For ”private barnehagar med same moderasjonsordningar” er presentsatsen oppgjeven som del av dei som har rapportert at kommunen har privat barnehagetilbod.

i overkant av 203 kroner i månaden i kostpenar for fulltidsopphald, som er ein liten oppgang i frå i fjor. 4 prosent av kommunane opplysar at dei ikkje veit kor mykje kostpenar utgjer av opphaldsbetalinga enten dei er inkludert eller ikkje.

I tillegg er det ein del kommunar som krev inn andre utgifter utover sjølv opphaldsbetalinga og kostpenar. Det kan vere utgifter til utflukter, ulike aktivitetar og liknande. I overkant av 8 prosent av kommunane opplyser at dei krev inn for slike utgifter. Men, det er noko usikkert i kva grad undersøkinga fangar opp desse utgiftene ettersom opplysningane er henta inn på kommunenivå og ikkje i den enkelte barnehagen. Det kan tenkjast at slike utgifter vert avkrevja foreldra langsetter året, når trongen for finansiering av ekstraordinære aktivitetar er der, noko som kan gjere det vanskeleg å avlegge ei rapportering av ein årlege sum dersom ikkje dei ulike beløp er godt loggført. I gjennomsnitt vart det gjort krav på i overkant av 67,5 kroner per måned, ein liten oppgang frå januar 2010. Det er berre to kommunar som har rapportert at dei ikkje veit kor mykje som vert betalt inn for andre tilleggsutgifter. Som nemnt ovanfor rådar det uvisse om kor gode desse tala er.

2.13. Eigne betalingsattsar for barn under 3 år

Berre 5 av 430 kommunar har egne betalingsattsar for barn under 3 år per januar 2011.

3. Betalingssatsar i private barnehagar

3.1. Månadssatsar og årsbetaling etter region og på landsbasis


For januar 2010 og januar 2011 er det rekna ut landsgjennomsnitt der dei ulike regionane er vekta saman på bakgrunn av talet på barn i private barnehagar. Innan regionane er det teke eit simpelt gjennomsnitt.

88⁹ prosent av dei private barnehagane rapporterar at dei har ein sats som følgjer fastsett maksimalsats på **2 330** kroner frå Stortinget. For dei private barnehagane er det ikkje henta inn betalingssatsar på punktobservasjonar for ulike inntektsnivå, men for 10 førehandsdefinerte inntektsintervall. Gjennomsnittleg månadssats og årsbetaling i dei private barnehagane er dermed i større grad basert på heile betalings-systemet i barnehagen.

Den gjennomsnittlege månadssatsen utan kostpengar og andre tilleggsutgifter i private barnehagar på landsbasis er **2 268** kroner per januar 2011, marginalt opp frå januar 2010. Satsane varierar mellom dei ulike regionane frå **2 080** kroner i Agder/Rogaland til **2 310** kroner i Nord-Noreg. Tala er illustrerte i tabell 5 i vedlegget.

Dei relativt små endringane som her vert skildra skuldast med stort sannsyn at barnehagane har tilpassa seg ein maksimalsats på 2 330 kroner. Det synast som om dei justeringane av foreldrebetalinga som skjer utover maksimalsatsen vert gjort for kostpengar og andre tilleggsutgifter.

Figur 3.1. Gjennomsnittleg årsbetaling for eit barn etter region og betalingsår. Private barnehagar. Januar 2010 og januar 2011



For hushald med eit barn i barnehage varierar årsbetalinga inkludert kostpengar og andre tilleggsutgifter i private barnehagar for januar 2011 mellom **25 860** kroner i Agder/Rogaland og **28 935** kroner i Trøndelag. Den gjennomsnittlege årsbetalinga for heile landet var **27 848** kroner i januar 2011, som er ein oppgang på 0,4 prosent frå januar 2010. Tala er illustrerte i tabell A5 i vedlegget.

⁹ 92 prosent rapporterar at dei har lik eller høgare pris på barnehageplass enn fastsett makspris på 2330 kroner. Ein skal merkje seg at denne prosentsatsen inkluderar barnehagar som har spesifisert at kost er inkludert, men at kostprisen er ukjend. Det er difor ikkje mogleg å sei noko eksakt om kva pris desse barnehagane har når kost ikkje er medrekna.

For hushald med to barn i barnehage varierar satsane for årsbetalinga frå **46 358** kroner i Nord-Noreg til **49 976** kroner på Trøndelag. På landsbasis er gjennomsnittssatsen **47 857** kroner, ein oppgang på 0,3 prosent frå januar i fjor.

3.2. Inntektsgradering

90 prosent av dei kommunane som rapporterar at dei har privat barnehagetilbod spesifiserar at dei kommunale moderasjonsordningane også gjeld for dei private barnehagane i kommunen. Av disse kommunane nyttar 23 prosent inntektsgraderte satsar gjennom det ordinære betalingssystemet. Legg ein utvalet av dei private barnehagane til grunn er det i overkant av 24 prosent som opplyser at dei byr på inntektsgraderte satsar. I likskap med dei kommunale barnehagane er det også for dei private barnehagane mest vanleg med "flåte" betalingssatsar. Inntektsgraderte satsar synast å vere mest utbreidd på Austlandet og i Agder/Rogaland. På Vestlandet hevdar tre barnehagar å by på inntektsgraderte satsar medan talet for Trøndelag var eit. I regionen Nord-Noreg vart det ikkje rapportert om slike tilbod.

3.3. Friplass/moderasjonsordningar

Noko over 2 prosent av utvalet rapporterar at dei byr på friplassar gjennom sitt ordinære betalingssystem. 46 prosent av dei private barnehagane tilbyr friplass og/eller andre moderasjonsordningar etter særskilt behandling, gjennom sosialkontor, barnevernsnemnd eller skulekontor.

3.4. Syskenmoderasjon

Alle dei private barnehagane i utvalet gir syskenmoderasjon. Over 99 prosent av utvalet byr på 30 prosent eller meir i syskenmoderasjon for barn nr. 2. Vel 93 prosent opplyser at syskenmoderasjon for barn nr. 3 er på 50 prosent eller meir.

3.5. Talet på betalingsmånader

Dei aller fleste private barnehagane (96 prosent) i utvalet har foreldrebetaling fordelt på 11 månadlege betalingar. 5 barnehagar krev inn fleire enn 11 betalingar, medan berre 1 barnehage har oppgjeve 10 månadlege betalingar.

3.6. Kostpengar og tilleggsutgifter

80 prosent av dei private barnehagane i utvalet rapporterar at kostpengar ikkje er inkludert i sjølve opphaldsbetalinga. Til samanlikning er det om lag 94 prosent av kommunane som hevdar det same.

Også dei private barnehagane kan kreve inn tilleggsutgifter. 31 prosent av utvalet rapporterar at dei gjer dette. Dette er klart høgare samanlikna med for dei kommunale barnehagane der i overkant av 8 prosent rapporterar at dei krev inn for slike utgifter.

3.7. Eigne betalingssatsar for barn under 3 år

Per januar 2011 var det ingen av dei private barnehagane i utvalet som rapporterte at dei har dette.

4. Gjennomsnittleg årsbetaling for fulltidsopphald i kommunale og private barnehagar

Gjennomsnittleg årsbetaling utan kostpengar og tilleggsutgifter for fulltidsopphald for eit barn i kommunal barnehage ligg på landsbasis på **24 829** kroner per januar 2011. Mange barn i barnehage får ein rabatt i form av syskenmoderasjon. Gjennomsnittleg årsbetaling for barn nr. 2 ligg dermed på **16 416** kroner, medan tilsvarande tal for barn nr. 3 er på **11 981** kroner. Med omsyn til delen av barn som mottek syskenmoderasjon (sjå kapittel 2.9 Syskenmoderasjon for meir informasjon) gir dette ei reell gjennomsnittleg årsbetaling på **23 220** kroner i kommunal barnehage.

I dei private barnehagane er gjennomsnittleg årsbetaling for eit barn utan kostpengar og tilleggsutgifter på **24 992** kroner per januar 2011, for barn nr. 2 og barn nr. 3 ligg årsbetalinga på høvesvis **17 153** og **12 440** kroner. I gjennomsnitt ligg årsbetalinga i private barnehagar på **23 488** kroner. Satsane for dei gjennomsnittlege årsbetalingane for dei private barnehagane viser marginal oppgang frå i fjor¹⁰.

Med omsyn til talet på barn i både kommunale og private barnehagar, ligg gjennomsnittleg årsbetaling i barnehagar på **23 346** kroner per januar 2011, som er 0,4 prosent opp frå i fjor.

I motsetnad til tidlegare utrekna årsbetalingar for dei kommunale barnehagane er desse gjennomsnittstala i større grad basert på heile betalingssystemet til kommunane, ikkje berre på ulike punktobservasjonar. Det er likevel viktig å poengtere at satsane er henta inn på førehandsdefinerte inntektsintervall, og dermed vert ikkje kommunane sine egne betalingssystem fanga opp i sin heilskap (gjeld også for dei private betalingssatsane). Satsane er ikkje medrekna kostpengar og tilleggsutgifter dersom slike utgifter er spesifisert. Andre moderasjonsordningar utover inntektsgraderte satsar og syskenmoderasjon er ikkje inkludert i desse gjennomsnittstala. Friplassar vert fanga opp i den grad dei er definert innanfor barnehagen sitt ordinære betalingssystem gjennom dei inntektsgraderte betalingssatsane. Redusert betaling og friplassar som vert tildelt gjennom sosialkontor eller andre organ fell utanfor.

¹⁰ Merk at data publisert året før kan fråvike noko frå slik det vert framstilt i år, dette kan skyldast ny informasjon, endring i utval, oppdatering av vektor etc..

Vedlegg A: Tabellar

Tabell A1. Oversiktsdata for undersøkinga

Fylke	Talet på kommunar i fylket							
	med i undersøkinga	med inntektsgraderte månads-satsar	med flate månads-satsar	med syskenmoderasjon på 30% eller meir for barn nr 2	med syskenmoderasjon på 50% eller meir for barn nr 3	med kostpengar i tillegg ²	med private barnehagar som følgjer kommunale moderasjons-ordningar ¹	med friplassar/moderasjons-ordningar utanfor det ordinære betalings-systemet
Østfold	18	4	14	18	18	18	14	11
Akershus	22	20	2	22	22	21	21	11
Oslo ³	1	1	-	1	1	1	1	-
Hedmark	22	1	21	22	22	20	18	13
Oppland	26	6	20	26	25	26	14	13
Buskerud	21	5	15	20	18	20	13	14
Vestfold	14	8	6	14	13	13	14	7
Telemark	18	10	8	18	18	17	5	9
Aust-Agder	15	6	9	15	15	15	10	8
Vest-Agder	15	6	9	15	14	15	9	11
Rogaland	26	13	12	25	24	23	14	19
Hordaland	33	3	29	31	32	30	20	24
Sogn og Fjordane	26	2	24	26	26	26	15	13
Møre og Romsdal	36	1	35	36	36	32	26	20
Sør-Trøndelag	25	3	22	25	23	25	14	19
Nord-Trøndelag	24	-	24	24	23	21	12	15
Nordland	44	-	44	44	42	40	24	26
Troms	25	-	25	24	24	23	10	10
Finnmark	19	3	16	19	18	19	8	8
I alt ⁴	430	92	335	425	414	405	262	251
I alt i prosent		21,4	77,9	98,8	96,3	94,2	60,9	58,4

¹ 137 av 430 kommunar rapporterer at dei ikkje har private barnehagar i kommunen.

² 17 av kommunane oppgjer at dei ikkje veit kor mykje kostpengar utgjer

³ Alle bydelar har rapportert. Detaljert informasjon om disse er å finne på: <http://www.ssb.no/kostra/>

⁴ 4 av kommunane rapporterer at dei har gratis kommunalt barnehagetilbod medan 3 rapporterer at dei ikkje har privat barnehagetilbod.

Tabell A2a. Gjennomsnittlege månedssatsar for fylke og bruttoinntekt

Fylke	Månedssats, utan kostpengar og tilleggsutgifter				
	Bruttoinntekt kr.				
	Min	250 000	375 000	500 000	Maks
Østfold					
jan.10	1 964	2 315	2 324	2 324	2 324
jan.11	1 969	2 315	2 324	2 324	2 324
Pst. endring	0,3	0,0	0,0	0,0	0,0
Akershus					
jan.10	960	1 912	2 304	2 330	2 330
jan.11	994	1 937	2 330	2 330	2 330
Pst. endring	3,6	1,3	1,1	0,0	0,0
Oslo					
jan.10	634	1 928	2 187	2 187	2 187
jan.11	635	1 928	2 188	2 188	2 188
Pst. endring	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Hedmark					
jan.10	2 299	2 309	2 309	2 309	2 309
jan.11	2 299	2 309	2 309	2 309	2 309
Pst. endring	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Oppland					
jan.10	2 099	2 259	2 321	2 328	2 328
jan.11	2 102	2 262	2 324	2 330	2 330
Pst. endring	0,2	0,2	0,2	0,1	0,1
Buskerud					
jan.10	1 522	2 163	2 194	2 329	2 329
jan.11	1 522	2 057	2 204	2 329	2 329
Pst. endring	0,0	-4,9	0,4	0,0	0,0

Tabell A2a. (framhald) Gjennomsnittlege månadssatsar for fylke og bruttoinntekt

Fylke	Månadssats, utan kostpengar og tilleggsutgifter				
	Bruttoinntekt kr.				
	Min	250 000	375 000	500 000	Maks
Vestfold					
jan.10	1 361	1 920	2 286	2 305	2 305
jan.11	1 410	1 945	2 311	2 330	2 330
Pst. endring	3,6	1,3	1,1	1,1	1,1
Telemark					
jan.10	1 336	2 066	2 288	2 330	2 330
jan.11	1 336	2 055	2 297	2 334	2 330
Pst. endring	0,0	-0,6	0,4	0,2	0,0
Aust-Agder					
jan.10	1 500	1 880	2 178	2 206	2 206
jan.11	1 513	1 892	2 181	2 208	2 208
Pst. endring	0,9	0,7	0,1	0,1	0,1
Vest-Agder					
jan.10	1 611	1 862	2 258	2 273	2 275
jan.11	1 612	2 181	2 258	2 273	2 275
Pst. endring	0,0	17,2	0,0	0,0	0,0
Rogaland					
jan.10	1 378	1 617	1 695	2 007	2 292
jan.11	1 414	1 647	1 734	2 039	2 320
Pst. endring	2,7	1,9	2,3	1,6	1,2
Hordaland					
jan.10	1 483	2 313	2 313	2 313	2 313
jan.11	1 488	2 318	2 318	2 318	2 318
Pst. endring	0,3	0,2	0,2	0,2	0,2
Sogn og Fjordane					
jan.10	2 224	2 224	2 229	2 313	2 313
jan.11	2 242	2 242	2 246	2 330	2 330
Pst. endring	0,8	0,8	0,8	0,7	0,7
Møre og Romsdal					
jan.10	2 308	2 315	2 315	2 315	2 315
jan.11	2 302	2 309	2 309	2 309	2 309
Pst. endring	-0,3	-0,3	-0,3	-0,3	-0,3
Sør-Trøndelag					
jan.10	2 198	2 291	2 330	2 330	2 330
jan.11	2 206	2 291	2 330	2 330	2 330
Pst. endring	0,4	0,0	0,0	0,0	0,0
Nord-Trøndelag					
jan.10	2 293	2 313	2 317	2 317	2 317
jan.11	2 318	2 318	2 318	2 318	2 318
Pst. endring	1,1	0,3	0,1	0,1	0,1
Nordland					
jan.10	2 298	2 298	2 298	2 298	2 298
jan.11	2 307	2 307	2 307	2 307	2 307
Pst. endring	0,4	0,4	0,4	0,4	0,4
Troms					
jan.10	2 302	2 302	2 302	2 302	2 302
jan.11	2 318	2 318	2 318	2 318	2 318
Pst. endring	0,7	0,7	0,7	0,7	0,7
Finnmark					
jan.10	2 214	2 242	2 247	2 247	2 247
jan.11	2 238	2 266	2 271	2 271	2 271
Pst. endring	1,1	1,1	1,1	1,1	1,1
Heile landet totalt					
jan.10	1 559	2 077	2 218	2 263	2 291
jan.11	1 573	2 090	2 229	2 270	2 298
Pst. endring	0,9	0,6	0,5	0,3	0,3

Tabell A2b. Gjennomsnittleg årsbetaling for fylke og bruttoinntekt

Fylke	Årsbetaling, inkludert kostpengar og tilleggsutgifter									
	Eit barn, bruttoinntekt kr.					To barn, bruttoinntekt kr.				
	Min	250 000	375 000	500 000	Maks	Min	250 000	375 000	500 000	Maks
Østfold										
jan.10	24 102	27 967	28 067	28 067	28 067	41 550	48 076	48 246	48 246	48 246
jan.11	24 200	28 006	28 106	28 106	28 106	41 728	48 154	48 324	48 324	48 324
Pst. endring	0,4	0,1	0,1	0,1	0,1	0,4	0,2	0,2	0,2	0,2
Akershus										
jan.10	12 398	22 878	27 190	27 473	27 473	21 630	39 445	46 775	47 256	47 256
jan.11	12 937	23 317	27 635	27 635	27 635	22 595	40 240	47 582	47 582	47 582
Pst. endring	4,3	1,9	1,6	0,6	0,6	4,5	2,0	1,7	0,7	0,7
Oslo										
jan.10	8 547	22 779	25 630	25 630	25 630	15 000	39 195	44 041	44 041	44 041
jan.11	8 547	22 779	25 630	25 630	25 630	15 000	39 195	44 041	44 041	44 041
Pst. endring	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Hedmark										
jan.10	27 326	27 432	27 432	27 432	27 432	46 895	47 055	47 055	47 055	47 055
jan.11	27 415	27 522	27 522	27 522	27 522	47 140	47 300	47 300	47 300	47 300
Pst. endring	0,3	0,3	0,3	0,3	0,3	0,5	0,5	0,5	0,5	0,5
Oppland										
jan.10	25 621	27 377	28 061	28 143	28 143	43 853	46 779	47 940	48 076	48 076
jan.11	25 692	27 448	28 131	28 195	28 195	43 982	46 908	48 069	48 174	48 174
Pst. endring	0,3	0,3	0,3	0,2	0,2	0,3	0,3	0,3	0,2	0,2
Buskerud										
jan.10	18 845	25 895	26 240	27 720	27 720	32 197	44 183	44 769	47 286	47 286
jan.11	18 994	24 874	26 498	27 870	27 870	32 496	42 493	45 252	47 585	47 585
Pst. endring	0,8	-3,9	1,0	0,5	0,5	0,9	-3,8	1,1	0,6	0,6
Vestfold										
jan.10	16 408	22 561	26 584	26 798	26 798	28 088	38 547	44 828	45 193	45 193
jan.11	17 403	23 284	27 307	27 521	27 521	29 913	39 911	46 192	46 557	46 557
Pst. endring	6,1	3,2	2,7	2,7	2,7	6,5	3,5	3,0	3,0	3,0
Telemark										
jan.10	16 850	24 885	27 323	27 786	27 786	27 980	40 948	44 807	45 501	45 501
jan.11	17 031	24 938	27 608	28 015	27 967	28 703	41 879	46 220	46 830	46 750
Pst. endring	1,1	0,2	1,0	0,8	0,7	2,6	2,3	3,2	2,9	2,7
Aust-Agder										
jan.10	18 225	22 401	25 685	25 986	25 986	32 070	39 401	45 292	45 769	45 769
jan.11	18 363	22 539	25 711	26 012	26 012	32 772	40 201	45 889	46 430	46 430
Pst. endring	0,8	0,6	0,1	0,1	0,1	2,2	2,0	1,3	1,4	1,4
Vest-Agder										
jan.10	19 910	22 661	27 022	27 185	27 206	34 224	38 868	46 252	46 529	46 560
jan.11	20 129	26 389	27 233	27 396	27 417	34 657	45 247	46 673	46 950	46 982
Pst. endring	1,1	16,4	0,8	0,8	0,8	1,3	16,4	0,9	0,9	0,9
Rogaland										
jan.10	16 465	19 101	19 943	23 369	26 497	28 372	32 781	34 186	39 983	45 293
jan.11	17 107	19 669	20 600	23 955	27 045	29 534	33 853	35 412	41 100	46 344
Pst. endring	3,9	3,0	3,3	2,5	2,1	4,1	3,3	3,6	2,8	2,3
Hordaland										
jan.10	18 224	27 359	27 359	27 359	27 359	31 515	47 041	47 041	47 041	47 041
jan.11	18 323	27 457	27 457	27 457	27 457	31 693	47 220	47 220	47 220	47 220
Pst. endring	0,5	0,4	0,4	0,4	0,4	0,6	0,4	0,4	0,4	0,4
Sogn og Fjordane										
jan.10	26 195	26 195	26 241	27 168	27 168	44 819	44 819	44 898	46 474	46 474
jan.11	26 725	26 725	26 771	27 698	27 698	45 823	45 823	45 902	47 478	47 478
Pst. endring	2,0	2,0	2,0	2,0	2,0	2,2	2,2	2,2	2,2	2,2
Møre og Romsdal										
jan.10	27 342	27 415	27 415	27 415	27 415	46 801	46 926	46 926	46 926	46 926
jan.11	27 387	27 460	27 460	27 460	27 460	46 906	47 031	47 031	47 031	47 031
Pst. endring	0,2	0,2	0,2	0,2	0,2	0,2	0,2	0,2	0,2	0,2
Sør-Trøndelag										
jan.10	26 663	27 689	28 115	28 115	28 115	45 896	47 640	48 355	48 355	48 355
jan.11	26 882	27 816	28 241	28 241	28 241	46 304	47 891	48 606	48 606	48 606
Pst. endring	0,8	0,5	0,4	0,4	0,4	0,9	0,5	0,5	0,5	0,5
Nord-Trøndelag										
jan.10	27 346	27 563	27 609	27 609	27 609	46 914	47 283	47 360	47 360	47 360
jan.11	27 764	27 764	27 764	27 764	27 764	47 666	47 666	47 666	47 666	47 666
Pst. endring	1,5	0,7	0,6	0,6	0,6	1,6	0,8	0,6	0,6	0,6

Tabell A2b. (framhald) Gjennomsnittleg årsbetaling for fylke og bruttoinntekt.

Fylke	Årsbetaling, inkludert kostpengar og tilleggsutgifter									
	Eit barn, bruttoinntekt kr.					To barn, bruttoinntekt kr.				
	Min	250 000	375 000	500 000	Maks	Min	250 000	375 000	500 000	Maks
Nordland										
jan.10	27 269	27 269	27 269	27 269	27 269	44 432	44 432	44 432	44 432	44 432
jan.11	27 723	27 723	27 723	27 723	27 723	45 728	45 728	45 728	45 728	45 728
Pst. endring	1,7	1,7	1,7	1,7	1,7	2,9	2,9	2,9	2,9	2,9
Troms										
jan.10	27 655	27 655	27 655	27 655	27 655	47 049	47 049	47 049	47 049	47 049
jan.11	27 906	27 906	27 906	27 906	27 906	47 399	47 399	47 399	47 399	47 399
Pst. endring	0,9	0,9	0,9	0,9	0,9	0,7	0,7	0,7	0,7	0,7
Finnmark										
jan.10	27 101	27 414	27 466	27 466	27 466	44 808	45 284	45 373	45 373	45 373
jan.11	27 457	27 770	27 821	27 821	27 821	46 195	46 672	46 761	46 761	46 761
Pst. endring	1,3	1,3	1,3	1,3	1,3	3,1	3,1	3,1	3,1	3,1
Heile landet										
jan.10	19 067	24 768	26 321	26 816	27 122	32 669	42 329	44 935	45 771	46 291
jan.11	19 359	25 055	26 581	27 028	27 329	33 257	42 925	45 490	46 246	46 757
Pst. endring	1,5	1,2	1,0	0,8	0,8	1,8	1,4	1,2	1,0	1,0

Tabell A3. Gjennomsnittlege månadssatsar og årsbetaling etter bruttoinntekt. 1992-2011¹

	Årsbetaling, inkludert kostpengar og tilleggsutgifter														
	Månadssatsar, utan kostpengar og tilleggsutgifter				Eit barn, brutto inntekt kr.				To barn, brutto inntekt kr.						
	Min	250 000	375 000	500 000	Maks	Min	250 000	375 000	500 000	Maks	Min	250 000	375 000	500 000	Maks
jan.92	1 961	2 123				22 133	23 903				34 730	37 406			
aug.92	1 979	2 143				22 399	24 195				35 019	37 738			
jan.93	2 002	2 180				22 615	24 566				35 490	38 450			
aug.93	2 007	2 202				22 745	24 881				35 985	39 224			
jan.94	2 082	2 273				23 499	25 589				37 223	40 402			
aug.94	2 130	2 297				24 084	25 906				38 139	40 909			
jan.95	2 169	2 344				24 446	26 371				38 715	41 639			
aug.95	2 176	2 342				24 638	26 452				39 143	41 893			
jan.96	2 229	2 403				25 151	27 053				39 937	42 817			
aug.96	2 263	2 448				25 549	27 574				40 700	43 785			
jan.97	2 339	2 527				26 497	28 544				42 406	45 532			
aug.97	2 354	2 563				26 706	28 990				42 798	46 299			
jan.98	2 404	2 619				27 153	29 498				43 405	46 999			
aug.98	2 415	2 640				27 335	29 800				43 751	47 532			
jan.99	2 525	2 758				28 612	31 155				45 978	49 875			
aug.99	2 567	2 791				29 111	31 568				46 935	50 701			
jan.00	2 629	2 857	2 946			29 756	32 251	33 206			48 041	51 871	53 336		
aug.00	2 661	2 912	3 002			30 035	32 765	33 735			48 469	52 655	54 151		
jan.01	2 723	2 985	3 074			30 809	33 671	34 627			49 780	54 168	55 636		
aug.01	2 700	2 953	3 032			30 656	33 437	34 297			49 510	53 746	55 046		
jan.02 ¹	2 644	3 095	3 179			29 696	34 625	35 535			47 845	55 394	56 797		
aug.02	2 558	2 980	3 058			28 748	33 374	34 226			46 430	53 532	54 845		
jan.03	1 565	2 579	3 008	3 097	3 193	17 855	28 965	33 666	34 646	35 681	29 231	46 851	54 058	55 567	57 512
aug.03	1 491	2 385	2 763	2 851	2 949	17 064	26 843	30 991	31 950	33 023	28 299	44 298	50 706	52 204	53 846
jan.04	1 480	2 360	2 731	2 805	2 903	16 986	26 648	30 731	31 529	32 599	28 401	44 806	51 131	52 380	54 019
aug.04	1 491	2 330	2 659	2 708	2 709	17 074	26 311	29 914	30 429	30 436	28 587	43 996	49 931	50 795	50 806
jan.05	1 514	2 356	2 691	2 741	2 741	17 498	26 746	30 395	30 923	30 923	29 663	45 215	51 322	52 218	52 218
aug.05	1 528	2 352	2 698	2 753	2 753	17 665	26 689	30 422	30 949	30 949	29 941	45 160	51 408	52 328	52 328
jan.06	1 289	2 010	2 199	2 257	2 257	15 166	23 076	25 129	25 742	25 742	25 739	39 040	42 462	43 483	43 483
aug.06 ³	1 345	1 955	2 167	2 220	2 247	15 895	22 611	24 943	25 519	25 824	27 140	38 574	42 471	43 429	43 947
jan.07	1 400	2 017	2 235	2 289	2 318	16 560	23 348	25 743	26 338	26 653	28 223	39 609	43 612	44 599	45 135
aug.07	1 534	2 094	2 246	2 291	2 309	18 239	24 392	26 069	26 563	26 763	30 840	41 185	43 984	44 808	45 151
jan.08	1 596	2 114	2 265	2 296	2 297	19 224	24 923	26 574	26 919	26 931	32 684	42 257	45 021	45 575	45 596
jan.09	1 551	2 060	2 208	2 261	2 291	18 819	24 427	26 054	26 629	26 956	32 104	41 569	44 288	45 252	45 806
jan.10 ²	1 559	2 077	2 218	2 263	2 291	19 067	24 768	26 321	26 816	27 122	32 669	42 329	44 935	45 771	46 291
jan.11	1 573	2 090	2 229	2 270	2 298	19 359	25 055	26 581	27 028	27 329	33 257	42 925	45 490	46 246	46 757
Pst. endring															
jan.92-jan.11	6,6	5,0				13,2	11,2					23,6	21,6		

¹ Frå og med januar 2002 er gjennomsnittssatsane vektta i motsetnad til tidligare då uvekta snitt vart nytta.² Grunna ny informasjon kan data publisert året før ha vorte noko endra.³ Tilleggsutgifter er inkludert frå og med august 2006 og januar 2007.

Tabell A4. Oversiktsdata for kommunale barnehagar. 2007-2011

	Tal på kommunar									
	med i under-søkinga	med inntekts-graderte månads-satsar	med flate månads-satsar	med sysken-moderasjon på 30% for barn nr 2	med sysken-moderasjon på 30% eller meir for barn nr 2	med sysken-moderasjon på 50% for barn nr 3	med sysken-moderasjon på 50% eller meir for barn nr 3	med kost-pengar i tillegg	med private barnehagar som følgjer kommunale moderasjons-ordningar	med friplassar/moderasjons-ordningar utanfor det ordinære betalings-systemet
jan.07	416	94	322	270		348		365	297	358
jan.08	¹ 399	93	303	257		324		346	235	211
jan.09	² 428	102	322	288		348		384	251	233
jan.10	³ 430	98	329	309	424	376	408	386	240	241
jan.11	³ 430	92	335	316	425	369	414	405	262	251

¹ Syskenmoderasjon vert ikkje telt for kommunar med gratis barnehage tilbud og kommunar utan kommunalt barnehage tilbud.

² I 2009 vart Oslo kommune representert med 13 bydelar i staden for som ein kommune. Det rette tal på kommunar i rapporten frå 2009 var 416.

Syskenmoderasjon tel ikkje i kommunar med gratis barnehage tilbud og kommunar utan kommunalt barnehage tilbud.

³ Syskenmoderasjon vert ikkje telt med for kommunar utan kommunalt barnehage tilbud.

Tabell A5. Månads- og årsbetaling etter region for private barnehagar

Området	Månedsbetaling utan kost, kr			Årsbetaling inkludert kostpengar og andre tilleggsutgifter, kr					
	Eit barn			Eit barn			To barn		
	jan.10	jan.11	Endr. i pst.	jan.10	jan.11	Endr. i pst.	jan.10	jan.11	Endr. i pst.
Austlandet	2 299	2 309	0,4	28 017	28 214	0,7	48 005	48 366	0,8
Agder/Rogaland .	2 097	2 080	-0,8	25 907	25 860	-0,2	44 895	44 856	-0,1
Vestlandet	2 300	2 300	0,0	28 276	28 293	0,1	49 218	48 995	-0,5
Trøndelag	2 300	2 304	0,2	28 730	28 935	0,7	49 644	49 976	0,7
Nord-Noreg	2 306	2 310	0,2	27 651	27 795	0,5	46 132	46 358	0,5
Heile landet	2 265	2 268	0,1	27 732	27 848	0,4	47 692	47 857	0,3

Figurregister

2.1. Gjennomsnittlege månadssatsar for eit barn i kommunal barnehage. Brutto årsinntekt på 250 000 kroner. Januar 2011	10
2.2. Gjennomsnittlege månadssatsar for eit barn i kommunal barnehage. Brutto årsinntekt på 375 000 kroner. Januar 2011	11
2.3. Fordelig av kommunar med inntektsgradert betalingssystem som tilbyr reduserte betalingssatsar etter hushaldet si samla brutto årsinntekt. Januar 2011	12
2.4. Kommunar med ulike rabattordningar. Prosent. Januar 2011	14
3.1. Gjennomsnittleg årsbetaling for eit barn etter region og betalingsår. Private barnehagar. Januar 2010 og januar 2011	16

Tabellregister

A1. Oversiktsdata for undersøkinga.....	19
A2a. Gjennomsnittlege månadssatsar for fylke og bruttoinntekt	19
A2b. Gjennomsnittleg årsbetaling for fylke og bruttoinntekt	21
A3. Gjennomsnittlege månadssatsar og årsbetaling etter bruttoinntekt. 1992-2011	22
A4. Oversiktsdata for kommunale barnehagar. 2007-2011	23
A5. Månads- og årsbetaling etter region for private barnehagar	23